



# Årsrapport 2023



DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd



# Leiar

Eit heilt år har vi hatt i Os kyrkjelyd utan smittevernreglar og innstrammingar som følgje av pandemien. Dette året ser vi tilbake på med glede og takksemnd. Vi har hatt fokuset på å «finne tilbake» til våre møteplassar og fellesskap og kan med glede sjå at det var fleire menneske på gudsteneste i 2023 enn det har vore på 10 år! Vi har òg mange som ynskjer å døype borna sine, så vi har fått den store gleda av å ynskja mange søte små velkommen inn i kyrkjelyden vår.

3. desember var ein festdag i kyrkjelyden. Då vart Gro Helen Blindheim Skjælaaen vigsla til kateket i Os kyrkje. Biskop i Bjørgvin Ragnhild Jepsen, prost i Fana Kristin Litlere og sokneprest Roar Hallesby Evjedal deltok i den høgtidelege seremonien. Vi er heldige som har Gro Helen som kateket i kyrkjelyden.

I november starta ein ny fireårs soknerådsperiode. Vi som er vald inn har brukt tid i lag på snakke om kva som er vår oppgåve som kyrkje, og kva område den enkelte best kan få bidra med sine evner. Heilt ferske nyhende frå soknerådet er at vi planlegg å gjenetablere eit musikkutval som saman med dei andre utvala skal vera med å nå soknerådet si hovudoppgåve som er « å vekka å næra det kristne livet i soknet» Vi har alt hatt fleire gode møter saman og byrjer å bli kjende både med kvarandre og soknet. Å bli kjent med soknet er noko som er viktig for oss i soknerådet. Vi ynskjer å vera synlege og tilgjengelege for kyrkjelyden. Vi har starta ein «bli-kjend-runde og har til no fått bli betre kjend med trufaste og vise menn frå «Y's men». Vi har òg hatt besøk på eit soknerådsmøte av ungdomsleiar Martin Bakke Slåttsveen som med varme og stort engasjement presenterte ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

I årsrapporten kan du få eit innblikk i den mangfaldige verksemda som spring ut frå Os kyrkjelyd. Vi håper du blir inspirert til å ta del òg i åra som kjem! I kyrkja vår har vi bruk for og plass til alle som ynskjer å vera ein del av fellesskapet.

*Tone S. Hagevik*  
Tone Steinsund Hagevik, soknerådsleiar

## Kyrkjevalet 2023

Kvart fjerde år held Den Norske Kyrkja val, og nye representantar veljast til viktige tillitsverv i leiinga av kyrkja både sentralt og lokalt.

I år hadde Kirkerådet gjort fleire endringar i valgjenomføringa, og det var mellom anna for fyrste gang høve til å førehandsstemme digitalt. I Os sokn var det i tillegg val-lokalar på fem ulike lokasjonar på valdagen 11. september.

Samansetninga i rådet frå 2019 og fram til oktober 2023 var som følgjer:

**Bente Brøvig Strømme**, leiar  
**Per Gunnar Lunde Oseng**, nestleiar  
**Christine Westgaard Lund Halland**  
**Inger Jonette Indset Botnevik**  
**Jon Håkon Øen**  
**Jorunn Hodneland**  
**Knut Inge Johnsen** (døde 2022)  
**Malin Nøss Vangsnæs-Weaver**  
**Roar Hallesby Evjedal**, sokneprest

Varamedlemmar:  
**Arne Tveit**  
**Nils Sørbo**  
**Kjell Jarle Aadland**  
**Becky Ogwu Hesjedal**  
**Thorstein Skårnes**

Etter Kyrkjevalet sto det klart kven som ville gå inn i det nyoppnemnte rådet, som konstituerte seg 26.oktober:

**Tone Steinsund Hagevik**  
**Per Gunnar Lunde Oseng**  
**Christine Westgaard Lund Halland**  
**Grethe Inger Berge**  
**Jon Håkon Øen**  
**Olav Emil Tennefoss Vatshelle**  
**Karl Ole Midtbø**  
**Espen Harald Haga**  
**Roar Hallesby Evjedal**, sokneprest

Varamedlemmar:  
**Malin Nøss Vangsnæs**  
**Inger Jonette Indset Botnevik**  
**Birk Eiken Lunde**  
**Frode Qvale**  
**Arild Saltskår Jentoft**

Soknerådet valde Tone Steinsund Hagevik som leiar og Per Gunnar Lunde Oseng som nestleiar.

Med dette rådet på plass, der det både er ein del erfarne rådsmedlemmer frå forrige eller tidlegare perioder, men òg nye stemmer frå ulike hald - ser vi fram til gode prosessar for folkestyret i kyrkja vår dei neste fire åra.

# Organisasjon

## Tilsette i Os sokn

Dei som jobbar i kyrkjelyden er tilsett av Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd, med tenestestad i Os sokn.

I laupet av 2023 var det følgjande endringar i staben:

**Anna Cecilie Norlund Oksavik** starta som organist i Os sokn i 60% stilling frå 1. april.

**Irina Tarasova** starta som kantor i Os sokn i 100% stilling 15. desember etter at Andrew Holman gjekk av med pensjon 1.juli - les meir om dette i avsnittet om kyrkjemusikk.

**Ine Sofie Moen** starta 15. september i ny stilling 100% som frivilligkoordinator for Os sokn og administrativ konsulent tiltenkt oppgåver i både soknet og fellesrådet.

**Hanne Terese Skjervheim** var kortvarig tilsett som ungdomsarbeidar mellom februar og april. Utover dette har ungdomsarbeidarstillinga i Os sokn vorte delvis bemanna av midlertidige vikarløysingar. **Martin Bakke Slåttsveen** avslutta eit engasjement innan ungdomsarbeid og kommunikasjon til sommaren, men var òg med som vikar i "Ungdomstunet" utover hausten.

Trusopplæringsstillinga i Os sokn har vorte delvis dekkja inn av vikar p.g.a. sjukdom i heile 2023. **Janne Fageraas, Malin Næss Vangsnes** og **Vibeke Stang** har alle bidratt i midlertidige engasjement i laupet av året.

**Gro Helen Blindheim Skjælaaen** fullførte utdanning som kateket og vart vigsla 3.12.23. Ho har frå før fungert i stillinga som kateket under utdanning dei siste åra.

Følgjande medarbeidarar har ellers vore tilsette gjennom heile året:

**Inger-Johanne Haugland**, konsulent

**Ingrid Vik**, diakon

**Monica Refsdahl**, konsulent

**Sigurd Rotvik Tunestveit**, dagleg leiar

**Sylvi Lundgren**, barne- og familiearbeidar

## Prestar

Prestane som gjer teneste i soknet er tilsett av Den Norske Kyrkja i Bjørgvin bispedøme, Fana prosti. Dei tre prestane som har sitt virke i Os kyrkjelyd har gjennom 2022 vore sokneprest **Roar Hallesby Evjedal**, kapellan **Anette-Emilie Gangstø** og prostiprest **Svante Havåg**. Desse tre arbeider tett med øvrig stab om utforming og gjennomføring av gudstenester, trusopplæring og andre tilbod og aktivitetar.

Grunna foreldrepermisjon har det delar av året vore færre presteressursar i soknet enn normalt, utan at prostiet har funne vikar til tenesta. Godt samarbeid mellom prester og øvrig stab, frivillige i kyrkjelyden og andre, har ein likevel funne tenlege løysingar på det meste, sjølv om ein merker at ressursane trengst.

## Andre tilsette i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

**Kristine Fjeld** er kyrkjeverge i Bjørnafjorden og organisasjonens øvste leiar i kommunen. Ho har dessverre vore sjukemeldt i heile 2023, og dagleg leiar i Fusa sokn **Hans Einar Markhus** har i kraft av si rolle som assisterande kyrkjeverge fungert i hennar fråvere.

Blant dei øvrige tilsette i fellesrådet er m.a. driftsleiar **Kenneth Molland**, som ivaretek tryggleik, drift og vedlikehald i kyrkjebygg og på gravplassar.

**Agnar Midtsæter, Lars Joar Hilleren** og **Linn Kjerstin Østgulen** arbeider med kyrkjegardar og som kyrkjetenarar.

**Marianne Tveit, Terje Rød** og **Øyvind Dreyer** er kyrkjegardsarbeidarar i soknet, medan **Hanne Dahl, Jakob Nygard, Ludvik Hodneland Sundfjord** og **Marie Hallesby Evjedal** er tilsett som kyrkjetenarar.



# Gudstenester og kyrkjelege handlinger

Os kyrkjelyd har tre hovudtypar gudstenester:


- Høgmesse  
Som regel to gonger i månaden i Os kyrkje og ein gong i månaden i Nore Neset kyrkje
- Familiegudsteneste  
Som regel ein gong i månaden i kvar av kyrkjene
- Gudsteneste med band  
Som regel ein gong i månaden i Os kyrkje

Gudstenesteutvalet i kyrkjelyden har etter kyrkjevalet hausten 2023 fått oppnemnt representantar frå soknerådet, som i lag med andre frivillige arbeider med innhald og utvikling av gudstenestene våre. Utvalet leiast av sokneprest.

I 2023 var det:

- 169 konfirmantar (mot 152 i 2022)
- 31 vigslar (mot 37 i 2022)
- 117 gravferder eller bisettelser (119 i 2022)
- 140 dåp (125 i 2022)

Som tidlegare følger vi ekstra med på antal døypte. Dei øvrige tala her har gjerne naturlege svingingar som ein må rekne med. Tal på dåpsborn er ein annan indikator som må samanhaldast med desse tala for å få eit meir heilskapleg bilete. Også her er tendensen positiv; vi nærmar oss dåpstala frå før pandemien. Likevel er vi i eit lengre perspektiv del av ein nasjonal trend der dåpstala (rekna mot antal fødte barn i soknet) går ned.



I tillegg til dei faste gudstenesteformene arrangerast både ungdomsgudstenester - 2 vellukka forsøk vart gjennomført fredagskveldar denne hausten -, friluftsmesse i Smievågen, skapingsgudsteneste på Kyrkje-flaten i samband med Skapingsdagane i juni, regnbogegudsteneste under årets Pride-festival i samarbeid med Bjørnafjorden Pride og lysmesse i førjulstida med konfirmantkullet.

Totalt var det 17367 deltakarar på gudstenestene i Os sokn i 2023. Dette talet er høgare enn på over 10 år, og ein gledeleg vekst etter covid-pandemien held fram frå fjoråret. Grafen ovanfor syner korleis pandemi-åra påverka vårt viktigaste samlingspunkt. Vi har i dei påfølgande åra hatt fleire gudstenester enn tidlegare, og snitt-antal deltakarar har ikkje vore høgare sidan 2017. Dette vil vi bygge vidare på!



Koret Fonos bidrog på regnbogegudsteneste 22. juni 2023.

# Tunet

## kyrkje- og kultursenter

Kyrkjelydshuset vårt rommer mykje - både eigne aktivitetar, kontorar og lagerrom, men òg kommune, organisasjonar og private leiger lokalane. Utleigeverksemd gjev inntekter, men stiller òg høge krav til reinhald, tryggleik og vedlikehald av utstyr og bygg.

### Økonomi

Faste gjevarar har vore ei bærebjelke i finansieringa av Tunet i mange år, og vi nyttar høvet til å takke for at så mange vel å støtte Tunet økonomisk frå månad til månad. Lånet etter utbyggingane på 2010-talet er no på om lag 14 millionar kroner. Dei seinare års rentehevingar dei seinare åra har påverka driftsøkonomien merkbar, og utgiftene til lånerenter har på kort tid auka frå 500.000 til drøyt 700.000 kroner årleg. Vi jobber for å rekruttere nye gjevarar (om enn med mindre beløp) som ynskjer eit levande kyrkjelyds- og kulturhus i Tunet. Mange har merkt dyrtida vi er inne i på lommeboka, og det gjer oss audmjuke og takksame for dei godt over 500.000 kroner som kom inn gjennom gjevarteneste og andre gåver frå private, i tillegg til offer i gudsteneste til eige arbeid ved ulike høve. Dette kjem godt med!

Ordninga for straumstøtte til organisasjonar har gitt noko reduksjon i straumkostnadane våre, men vi må belage oss på vedvarande aukte utgifter til straum i åra som kjem. Etter at straumstøtta er trekt frå betalte vi likevel neste kr. 100.000 meir i straum på Tunet enn året før. Vi vil jobbe vidare med å optimalisere forbruk og system i 2024.

Dei eldre delane av Tunet er mogne for større utbetringar, og delfinansiering av dette har vorte avsett på disposisjonsfond fram til administrasjonen har kapasitet til å gjennomføre prosjektene. Dei største prosjekta omfattar vindaugeskift på fleire gavlvegger, samt reparasjonar i glastak på kontordelen. Ventilasjon i den eldre delen av bygget er òg nemnt i vedlikehaldsplanen som soknerådet vedtok i 2022. I 2023 har det ikkje vorte gjennomført større kostbare arbeid av praktiske omsyn, men det er påbegynt prosjekt som skal gjennomførast i 2024.

Tunet er mykje brukt som leigelokale for både næringsliv, foreiningar og private. Inntektene frå utleige går mellom anna til oppvarming, reinhald og vedlikehald. Vi ynskjer å tilby konkurransedyktige priser på våre flotte lokalar, og opplever at mange vel Tunet til

sine arrangement. Ein vekst i inntektene på drøyt 10% er positivt, og vi har ambisjonar om å halde fram denne trenden.

### Minnesamvær i Tunet

Vi er glade for å kunne tilby både lokale og serveringhjelp til minnesamvær når nære og kjære har gått bort. Tilbakemeldingar frå osingar fortel om flott betjening og ei fin ramme rundt samværet.

Det vart i 2023 halde 10 minnesamvær i Tunet med til saman 448 gjestar.

Frivillige medarbeidarar i kyrkjelyden dekkar bord med kvite dukar, serviettar, lys og roser, trekker kaffi, tar imot mat, står for servering, rydding og oppvask. Oppdraga gir inntekter til Tunet. Medhjelparane får ikkje løn, men deler rosene som pynta borda.

16 frivillige leverte 37 dagsverk i 2023. Talet av frivillige medhjelparar ved minnesamvær har vore nokså stabilt i det fleire har slutta pga. alder medan andre har kome til. Med eineståande medhjelparar og flotte lokale er det fint å kunne tilby osingane å halde Minnesamvær i Tunet.

### Andre tiltak for Tunet

Fleire gode initiativ frå frivillige har resultert i kjeke aktivitetstilbod for Tunet og samstundes gode inntekter for å få driften til å gå rundt.

Onsdag føremiddag er golvet i Storsalen dekt av treningsmatter, når tilbodet "**Trim for Tunet**" finn stad. Fysioterapeut Bente B. Strømme vegleier i lett trening og fysisk aktivitet. Det trengs påmelding til desse populære kursa, og semesterkontigenten går uavkorta til drift av Tunet.

Etter treningsøkta finn mange vegen til "**Strikk til Tunet**", der handarbeidet og lunsjen er utgangspunkt for sosialt samvær - og der det som blir laga loddast ut på den årlege Strikkebasaren. I år fekk strikkegjen- gen inn fantastiske 88000,- som uavkorta gjekk til ekstra nedbetaling av lånet på Tunet.

Den frivillige gruppa som steller til **Torsdag i Tunet (TITT)** fortener òg å nemnast. Med interessante foredrag, kulturarrangement og debatt opnar huset for eit vidare publikum og synleggjer for bygda at Tunet er eit kultursenter så vel som eit kyrkjelydshus.

# Arbeid for og med barn

## og barnefamiljar

### Søndagsskule

Våren 2023 hadde vi to barnesamlingar (øg kalla søndagsskule) i Nore Neset kyrkje. Det er om lag 10 born som møter kvar gang det er barnesamling. Og det er mange frå dåpsfølget som blir med for fyrste gong. Lokala i Nore Neset er slik at borna kan gå mellom samlinga og foreldra sine på ein god måte. Det er trygt og fint. Det er to frivillige som stiller opp og har barnesamling i Nore Neset

Det har vore 7 barnesamlingar i Tunet under gudstenestene i Os kyrkje på våren, og 4 samlingar på hausten. Mange av dei som kjem er barn som har vore med fleire gangar, og nokre er med i dåpsføljer. Det er mellom ti og sytten barn på kvar samling. Sprell levande sitt agent-opplegg vert brukt. Alderen på borna som deltar på samlingane er tre til ti år. Ei eiga Spond-gruppe er i bruk for å gje info til foreldre om om søndagsskule og familiegudstenestene i Os sokn. Det er fire vaksne og tre ungdomar som er frivillige i barnesamling på Os, og stab deltek av og til for å få ting til å gå rundt. Søndagsskulensdag vart eit fint arrangement der det myldra med liv i Tunet etter gudstenesta.

### Sprell Levande kyrkje

I januar fekk vi tilbod om å vere med som pilotmenighet for "Messy church" i norge. Etter ein samtale i ministab vart vi samnde om å teste ut opplegget i samband med "Fredagstaco"-konseptet vårt. Det er søndagsskulen og Acta som har oversett Messy church frå engelsk og det vert kalla for Sprell levande kyrkje. Vi fekk tilsendt fire samlingar og det var lagt opp til at ein skulle lage leir som ei avslutning av pilotprosjektet. Vi gjennomførte tre samlingar i fredagstaco stil. I tillegg vart det arrangert ein vårfest i Nore Neset. På denne familiegudsteneste testa vi ut Messy church opplegget som søndagsskulen og Acta har utarbeida. Det vart ei skikkeleg kaos kyrkje med veldig glade deltakarar. Alle fekk så sine egne solsikker og vi snakka om det å så og om sennepsfrøet. Grunna sjukdom og lite folk på jobb gjennomførte vi ikkje noko leir på sommaren eller hausten. Det var veldig kjekt å arrangere alle desse samlingane, kanskje aller mest spennande inn i ei familiegudsteneste.

### Speidaren

Os KFUK-KFUM Speidarar har tilhald på "Speidarloftet" i Tunet kyrkje- og kultursenter og har nær tilknytning til kyrkja på fleire måtar. Kyrkjeflaten er ofte utgangspunkt for store og små ekspedisjonar, og friområdet kring Nore Neset kyrkje er òg spennande. Den store speidargudstenesta i adventstida er eit fast høgdepunkt i kyrkjelyden og ei aktiv speidargruppe bidreg til eit spennande friluftstilbod for born og unge.

### Familiekoret ShubaDubs

Torsdagar i partallsveker er det travelt i Tunet. ShubaDubs øvar i Eldstova, KOREdu har øving i Spegelen og i Storsalen og til tider har det vore kø for å få bruke lokala. Då kokar det godt i gangane! Det er i dag 33 som får invitasjon i Spond-appen annankvar veke til å vere med på ShubaDubs. Og det er om lag 15-20 som møter kvar gong.

Dette er familiekoret der treåringane får skinne. Foreldra passar sjølv borna sine når dei er på øving. Denne hausten har tre studentar frå Kongshaug vore inne og hatt fleire samlingar med ShubaDubs. Dei har vore ein supergod ressurs inn i arbeidet! I tillegg har vi ein frivillig vaksen som hjelper til, og foreldre som lager til "smørekvelds" til klokka blir 18.00. På våren vart ShubaDubs invitert til å synge på Myldregudsteneste i Nore Neset, der møtte det tre barn for å synge. I haustsemesteret fekk ShubaDubs invitasjon til å delta på misjonsbasaren til NMS, her også møtte det tre barn for å synge på scena.



KOReDu

## Songglade 1.-7.klassing: KOReDu?

KOReDu er koret for sangglade gutar og jenter frå 1. til 7. tinn. Koret har øvingar kvar torsdag. Annankvar veker det for heile koret og dei andre vekene er det for dei som er i Tweensalder (5.-7.trinn). Det er no 14 koristar i tweens-gruppa og totalt 27 som vert invitert til KOReDu-øvingane i Tunet.

Vårsemesteret gjekk i øvingar og felleskapsbygging, med ein fin avslutningskonsert i Storsalen i starten av juni. På barne- og tweenskor-festival i Skjold kyrkje i oktober var det 19 frå koret som var med. I november var KOReDu eit av trekkplastra under den årlege julemessa, og nokre av tweensane var solistar då demenskoret i Os hadde framsyning i slutten av november. I tillegg fekk ei fullsett kyrkje oppleve korsong på julaftan i Os kyrkje.

Tre frivillige leiarar gjer ein framifrå jobb med KOReDu. Då Tunet barnekor og Tweensing slo seg saman som eit prøveprosjekt i 2022 vart gruppa større, og aldersspennet verker å trivst godt i lag, med litt ulike roller på dei yngste og dei eldste. Alt i alt har dette vore veldig vellukka. Koret har no born frå 1. trinn til 7. trinn, og lar dei som er tweens frå 5. trinn få ekstra øvingar/møteplass i oddetalsveker. Formelt slås dei to kora seg saman i januar 2024, slik at ein saumlaust kan gå over frå barnekoret til tweenskoret. Begge kora vil behalde logoane sine og kan få trykt dei opp ved behov. På den måten vil tweensa ha ein eigen identitet. Det er mange av tweensane som òg er medhjelpar i fleire aktivitetar for yngre born i kyrkjelyden, til dømes som minileiar under Skapingsdagane eller med ansiktsmaling på julemessa. Det er ein super gjeng som stiller opp for kvarandre og for kyrkja!

## Skule- og barnehagegudstenester

Samarbeid mellom skular/barnehagar og kyrkja er godt i Os, og mange held på tradisjonar om å reise til kyrkja og delta i gudsteneste som del av sitt faglege opplegg. Det set vi stor pris på, og både prestar, kyrkjetenarar, organistar og øvrig stab har travle veker før jul. I 2023 deltok nesten 3500 unge kyrkjegjengarar i 30 slike gudstenester, mot om lag 3600 året før.

## Aldri Åleine

Aldri åleine er ein samlingsplass for tweens, altså mellom 5. og 7. trinn. Her får dei trusopplæring gjennom eit undervisningsmateriell som er utarbeidd av Acta, Søndagskolen Norge, NLM Ung, Blå Kors og NLA Høyskolen. Aldri åleine er organisert i Søndagskolen.

Denne våren hadde tweensa seks samlingar på våren og tre samlingar pluss gudsteneste på hausten. Aldri åleine vert dreve av to frivillige, med litt støtte frå stab. Det har vore stabilt oppmøte av tweens som kjem på desse samlingane. Det er om lag ti som er faste og fjorten som vert invitert kvar gang. Invitasjonen kjem på Spond og alle som vil kan få bli med i gruppa. På siste samling før jul hadde Aldri åleine 15 tweens som kom. Fem av dei var nye.

Grunna avlysinga av Lys vaken 2023, vart det plass til å arrangere ei Tweens-gudsteneste i kyrkja. Denne gudstenesta var Aldri åleine med å arrangere og ta ansvar for. Den vart avslutta med KyrkjePizza og brus i Eldstova. For som seg hør og bør; på kvar samling med Aldri åleine serverast det pizza og brus!



# Trusopplæring

I tillegg til det kontinuerlege aktivitetstilbodet for ulike aldersgrupper har Os kyrkjelyd utarbeidd ein plan for spesielt innretta trusopplæringstiltak for kvar enkelt aldersgruppe frå dåpen og gjennom barneåra og ungdomstida. Trusopplæring foregår gjennom både desse spissa tiltaka og deltaking i våre faste møteplassar, framfor alt gudstenestene. Men òg barnekor, ungdomstilbod, foredrag og kveldsbibelskule for vaksne må seiast å vera del av trusopplæringstilbodet vårt i vid forstand. Ein blir aldri utlærd, og har godt av å bryne seg på ny kunnskap gjennom heile livsløpet!

## Dåpen (0 år)

I dåpen vert ein innlemma i kyrkjelyden som eit nytt medlem, helsa velkommen og gjeve eit fyrste møte med kyrkja. I 2023 hadde vi 140 dåpsborn.

## Babysong (0-1 år)

Babysong-kurs gir ei introduksjon til musikalisk samspel med det vesle barnet og eit treffpunkt med andre som er i spedbornsfasen. I 2023 har vi organisert kurs både i Nore Neset kyrkje og i Tunet kyrkje- og kultursenter, sistnemnte i samarbeid med KFUK-KFUM Open barnehage som har fast tilhald i Tunet på tysdagar. Eit kurs går over 8 samlingar, og det har vore god oppslutning om kursa på begge lokasjonar. I alt 98 born deltok på babysong i 2023, ei auke på 46 % frå 2022.

## Dåpshelsingar (1 og 2 år)

Ved fylte 1 og 2 år sender kyrkjelyden ut ei dåpshelsing til borna i posten, fyrst ei spisebrikke med motiv frå Noas ark, og deretter ein bok. Det er meint å gje støtte til å følge opp trua og relasjonen til kyrkja i heimen, og minne om at det finst aktivitetar og tilbod å delta på for borna og familiane deira. I alt 192 slike helsingar vart sendt ut i 2023.

## Adventssamling (3 år)

I november 2023 vart det igjen invitert til adventssamlingar i både Nore Neset kyrkje og Tunet, der i alt 22 små deltakarar fekk høyre julefortellinga, perle ei julestjerne, ete graut og leike i lag.

## Utdeling av 4-årsbok

Fireåringane får invitasjon til å delta på ei gudstjeneste der dei får si eiga bok med tekst, bilete og kjekke aktivitetar. I 2023 fekk i 22 fireåringar utdelt bok i éi av kyrkjene.

## Påskevandringa "Opplev påsken" (5 år)

Veka før påskeferien set inn inviterte vi igjen femåringane til Os kyrkje for å "oppleve påska", vår eigen vri på det engelske opplegget "Experience Easter". Stasjonar rundt i kyrkjerommet som tek for seg hendingane i påskeveka, frå paldesøndag til påskedag, formidlar påskebodskapen på ei konkret og tydeleg måte for denne aldersgruppa. Mange frivillige deltek med formidling og tilrettelegging, og i 2023 hadde vi 11 femåringar med på vandring, i tillegg til deltakarane frå Heilt førsteklasses.

## Heilt førsteklasses! (6-7 år)

Dette er eit opplegg over fem samlingar som tek utgangspunkt i historiar og opplegg frå 6-årsboka, men som òg inneheld andre aktivitetar og spennande utfordringar for førsteklassingar, mellom anna førstehjelp. Felles kveldsmat gjev òg ei fin ramme for fellesskap. Samlingane fann stad i mars/april, og siste samling var samanslått med femåringanes tiltak "Opplev påsken". I alt 15 førsteklassingar deltok i 2022.

## Skapingsdagane (7-8 år)

Skapingsdagane er eit flaggskip i trusopplæringa vår, med tre kreative dagar like etter skuleslutt for 1. og 2. trinn. Skapingsgudstenesten på Kyrkjeflaten som avslutter det heile var som vanleg bada i sol, og 43 deltakarar kjente på skapartrongen og undringa over skaparverket i lag desse dagane.

## Tårnagentar (9 år)

Tårnagent-arrangementet vart i 2023 dessverre avlyst grunna sjukdom i stab like i forkant av arrangementet.





## Lys Vaken (11 år)

Lys Vaken har i fleire år vore eit svært populært arrangement der 11-åringane overnatter i kyrkje-rommet og deltek på søndagsgudsteneste. Dette arrangementet er samstundes ressurskrevande og måtte i 2023 dessverre avlysast grunna ressursmangel i stab grunna sjukdom.

## Konfirmasjonstida (14-15 år)

I 2023 vart 169 ungdommar konfirmerte i Os og Nore Neset kyrkjer. I forkant av den store dagen i mai hadde våren bydd på mellom anna leir-tur til Framnes (KonfAction), og deltaking på Fasteaksjonen i mars med strålende innsamlingsresultat.

Då eit nytt kull starta opp på hausten begynte konfirmant-året med felles oppstartshelg, "kræsjkurs" i gudsteneste og ein introduksjon til aktivitetsgruppene. Deretter var onsdagane omdreiningspunkt for samlingar med halve kullet i gongen, og der både undervisning og aktivitetar fann stad i laupet av intense, men kjekke onsdagskveldar. I haustferien reiste ein buss til Framnes for deltaking på KRIK sin konfirmantleir "Camp Vestland". Andre hadde valt seg varianten på Raknestunet leirstad i november i staden. Semesteret vart runda av med ei stemningsfull "lysmesse" i desember der heile konfirmant-kullet deltok.

*Frå Skapingsdagane 2023*

# UNGDOMSTUNET

Ungdomstunet er paraplyen for ungdomsarbeidet i Os kyrkjelyd. Her foregår både breiddeaktivitet og leiartrening, vekefaste møteplassar, leiar og mykje meir. I hovudsak er aldersgruppa for aktivitetane frå 8. trinn og oppover.

Ungdomstunet samarbeider med andre aktørar lokalt både i og utanfor kyrkja, særleg ellers i Fana prosti, som samarbeidsleir og andre arrangement i lag med ungdomsarbeidet i nabokyrkjelydane i Birkeland og Sædalen.

Ungdomsarbeidet har gått gjennom ein utfordrande fase etter pandemien, mellom anna knytt til fleire utskiftingar i stab. Undervegs har både frivillige, foreldre og ikkje minst unge leiarar stått fram og teke stort ansvar i lag med øvrige tilsette for å halde ungdomstilbodet oppe. Våren 2023 var Hanne Terese Skjervheim tilsett som ungdomsarbeidar i ein kort periode, og ellers har Martin Bakke Slåttsveen, som òg tidlegare har vore både ung leiar og ungdomsarbeidar i perioder, vore med på gjennomføring og planlegging av vekefaste tilbod og ulike arrangement. Frå januar 2024 går han inn som ungdomsleiar på fulltid, i fyrste omgang fram til sommaren.

## Happening

Happening er fredagsamlingane i Tunet for ungdom. Her samlast om lag 30-60 ungdommar i eit sosialt fellesskap. Med aktivitetar som, sumobryting, brettspel, temakveldar og mykje meir! Eit inkluderande fellesskap. Vi opplev at ungdommar kjem frå fleire stader utanfor kommunen for å ta del i våre fellesskap.

## Leiarsamling

Fostring av nye leiarspirer og unge menneske som vil få ansvarsoppgåver er viktig. Vi starta året med ein leiartur til Fjon feyllkyrkje med våre ungdomsleiarar. Ein helg med Workshops og kjekke aktivitetar, med inspirasjon og medbestemmelse i fokus. Der ungdommen fekk vere med å bestemme korleis ein skal drive Ungdomstunet.

## Ungdomsgudsteneste

Det vart gjennomført to ungdomsgudstenester i 2023 med god respons. Det var ca 40 ungdommar som deltok på desse gudstenestene, som vil halde fram på utvalde fredagskveldar i 2024.

## Galla

Galla er eit høgdepunkt i året for ungdomstunet, her steller ungdomsarbeidare, stab og frivillige i stand ein stor fest for ungdommane i ungdomstunet! Vi vil vise at vi setter pris på kvar enkelt som er med i ungdomstunet. Arrangementet er ikkje berre for ungdommar i ungdomstunet, det er for alle som ynskjer å delta, kyrkjelydar frå Bergen har tatt turen innom desse store galla kveldane. Det er stordekkabord, med taler, konfetti, mat, aktivitetar! I 2023 har det vort to gallaer, sommargalla med markering av pride i juni (om lag 70 ungdommar deltok) og julegalla med om lag 100 ungdommar i salen.

## KFUK-KFUM JoinUs TenSing

JoinUs har vidareført pilotprosjektet og held framleis på å utvikla dette. Dei samlast framleis onsdagar kl 18:30-21:00 i Tunet. Det er 30-40 ungdommar som møter fast, og fordeles seg i valfrie aktivitetar: matlaging, dans, kor, band, eller ein open «hengeplass» for sosialt samvær. JoinUs har hatt to opptredenar i 2023: VårShow i Storsalen i mai, og opptreden på den årlege julemessa i Tunet i november. Med seg på laget har dei dyktige ungdommar som tek leiarsvar og er med å vidareutvikle konseptet JoinUs.

## KRIK Os

KRIK Os er ein viktig samarbeidspartner til Ungdomstunet og deltek i mange av arrangementa våre. Vanlegvis er treningane i gymsalen på Os Aktiv kvar fredag kl 18.00-19.30. Der møter mellom 10-20 ungdommar på kvar trening. Eit viktig lokallag som Ungdomstunet er avhengig av for å drive rekruttering og drift.



## Leir og andre aktivitetar

JoinUs var på vinterfestivalen på Voss i regi av KFUK-KFUM Bjørgvin 10-12.februar. Ein helg fullt av kjekke aktivitetar.

Det vart gjennomført sommarleir i lag med Birkeland og Sædalen kyrkjelydar på Dyrholbotn fjellstove i august.

Vanlegvis har vi lagt opp til ein årleg SosialWeekend for ungdommane. Det vart ikkje gjennomført SosialWeekend i 2023 då vi ikkje hadde bemanning på plass til god gjennomføring av dette i år.

## Ungt leiarforum (ULF)

ULF møtast ein søndag i månaden heime hos Ingvild og Roar Hallaeby Evjedal. Det er ei samling for ungdom som har ein type leiaroppgåve i ungdomsarbeidet, søndagsskule, trusopplæring, gudsteneste osv. Kveldane er lagt opp med mat, undervisning og prat, sosial tid og kveldsbøn. Om 20 ungdommar er tilknytt ULF.

## Frivillige

Ungdomstunet samler mange ungdommar og behovet for trygge vaksne som stiller opp er stort. Heldigvis er det mange både foreldre og andre som tek del og bidrar til gode rammer kring kveldane våre. Det er eit stort behov for fleire frivillige i ungdomsarbeidet, så ta gjerne kontakt med oss om du har ynskje om å bidra!

(Meld deg som frivillig på [www.kyrkja.no/os/](http://www.kyrkja.no/os/))



Begge foto: Martin Bakke Slåttsveen

## Kommunikasjon

Ungdomstunet har mange digitale kommunikasjonsplattformer, og er òg synleg i kyrkjelyden sine trykte medieflater (Kyrkjeblad, plakattoppslag, annonsering og kunngjeringsark).

Instagram - [@ungdomstunet](https://www.instagram.com/ungdomstunet)

Facebook - [@ungdomstunet](https://www.facebook.com/ungdomstunet)

Nettside – [www.ungdomstunet.no](http://www.ungdomstunet.no)

Spond – sjå nettsida vår for å få tilgang

Vi ynskjer å takke alle frivillige krefter og samarbeidspartar som er med å bidra til at Ungdomstunet er ein god stad å vere for mange unge osingar!



# Diakoni

## kyrkja sitt omsorgsarbeid

Kyrkjelydens diakoniarbeid har til hensikt å fremme nestekjærleik, miljø, rettferd og inkluderande felle- skap. Omsorg skal vere ein integrert dimensjon i alt vi gjer. Dei 115 frivillige innan diakonitiltaka gjer ein stor innsats for dette. Eit av høgdepunkta i året som gjekk var kanskje å slå vår eigen rekord for Fasteak- sjonen, då konfirmantar og mange andre samla inn til saman 195 571 kr til Kirkens Nødhjelp.

Diakoniutvalet består av tre kyrkjelydsmedlemmar i tillegg til ein prest og diakon. Her blir mykje av vår diakonale innsats koordinert. Dette utvalet hadde 5 møter i 2023.

### Tydelege tiltak

”Venneveko” fylte 5 år i 2023, og dette vart markert med eit stort samarbeidsprosjekt, Internasjonal fest i Oseana. Her samarbeida kyrkjelyden (framfor alt diakon Ingrid Vik) kreftkoordinator, flyktingtenesta, kultureininga, og SLT-koordinator i kommunen. Ose- ana stilte med lokalar, og ei rekkje frivillige bidrog i apparatet, med matlaging og anna - det var i det heile stort engasjement rundt dette tiltaket, og på sjølve festdagen møtte 350 personar opp! Konfe- ransier Irene Kinunda Afriye sydde det mangfaldige programmet godt saman - leik, song, panelsamtale om vennskap og inkludering, oppvisning med klede frå ulike nasjonar, dans og mat frå ulike verdshjør- ner. For å få dette arrangementet opp og gå fekk vi god økonomisk drahjelp frå Sparebanken Vest, Os Y’s men, Sanitetsforeninga, Norsk folkehjelp og kul- tureininga i kommunen. Ei flott feiring av ein jubilar vi er stolte av!

Sorggruppa har no blitt eit kontinuerlig tilbod på fre- dagar i Tunet med fortløpande inntak av deltakere. Her kan ein finne fellesskap så lenge ein ynskjer.

### Andre aktivitetar gjennom året:

**Minnegudsteneste** på allehelgenssøndag: Invitasjon til pårørande som har mista nokon det siste året.

**Tilrettelegging og tilpassa opplegg** i konfirman- sjonstida for ungdommar som har behov for det i samråd med kateket

Utsending av **digitalt bønnebrev** til bønnegruppe for å oppmode til bøn for kyrkjelyden

**Dialog** med andre lokale instansar som m.a. Crux Vindfanget og Os frivilligsentral.

**Ulike tiltak for eldre** omfattar Eldretreff i Kløvertun, Senior-Koinonia i Tunet og Seniortreff i Nore Neset kyrkje.

**Familievegleiingskurset ”Foreldre møter foreldre”** er eit Bufdir-støtta prosjekt som har pågått sidan 2021 i samarbeid med Familiens Hus i kommunen. I 2023 hadde vi to kursrekker, med undervisning og samtale for foreldregrupper og barnepass for dei små.

**Fasteaksjonen** setter tilgang til reint vatn på dags- orden både for konfirmantane og resten av kyrkje- lyden, og denne innsamlinga engasjerer både stab, ungdommar og lokalsamfunn.

Frå Internasjonal fest.  
Foto: Ingrid Vik



Foto: Ole Henrik Kongsvik



**Språkkafeen** er ein internasjonalt møteplass i Tunet om lag kvar 14 dag, med låg terskel og stort spenn i alder og bakgrunn. Om lag 30 personar fann vegen innom kafeen kvar gong i 2023. Dette er staden for deg som trur at nye menneskemøter og gode samtalar gjer livet litt meir spennande, og for deg som vil hjelpe tilflyttarar å lære norsk. På språkkafeen er det ofte god mat, alltid god prat, og iblant òg utdeling av mat og klede vi får som gåver frå butikkar eller andre, fokus på gjenbruk, verkstad-kurs eller andre kjekke aktivitetar. Siste språkkafeen før jul var litt utvida og gav ein god felles oppleving å ta med seg inn i julehøgtida.

**Heimebesøk** eller besøk på Luranetunet gjennomfører vi når det er ynskje om det.

**Søndagssamlingar i Tunet** er eigne arrangement med gudsteneste-element som er særskild tilrettelagt for menneske med utviklingshemming, men opne for alle. Det vart arrangert 6 slike samlingar i 2023, i tillegg til ei særskild tilrettelagd gudsteneste i kyrkja i påska.

Diakon deltek dessutan i kommunens **SLT-team** (samordning av lokale rus- og kriminalitetsforebyggande tiltak) som koordinerer innsats frå både kyrkje, kommune, politi, helsevesen og frivillige. Her har vi gjensidig utbyte av å jobbe og snakke godt i lag, både på strategisk og utførande nivå.

Med jamne mellomrom søker vi òg å heve kompetansen vår på viktige område, både blant stab og frivillige. I 2023 deltok to tilsette på VIVAT sitt kurs om **sjølvmoedsforebygging**. **Livredningsprøven i vann** vart òg gjennomført av 3 frå stab og 3 faste frivillige medhjelparar.

**Miljøarbeidet for ungdom** har vakse i både oppslutning og etter behov dei siste åra. Vi ser at ungdommen i Os kjenner seg trygge hjå oss og ynskjer å vere i våre fellesskap. Hausten 2023 deltok diakon og kateket med aukt innsats i onsdagssamlingane våre (Join us), og bisto ungdomsarbeidet med ekstra diakonale ressursar. På fast basis er det jamnlege samarbeids-møter i stab for å koordinere tilbodet for ungdom.

Like før jul var det òg tradisjonen tru storstilt **Solidaritetskonsert i Os kyrkje**, der lokalt kulturliv fylte programmet og bygdefolket fylte kyrkjebenkene og innsamlingsbøssa. Godt over 100.000 kroner kom inn, og i år som tidlegare er det Flyktningshjelpen som mottok pengane til sitt viktige arbeid. Galleri Solbakkestova og Os kulturutvikling var hovudansvarlege på arrangørsida, medan kyrkjelyden stiller med kyrkje og støttefunksjonar.

Diakoniarbeidet i kyrkjelyden femner breitt - og skal halde fram med å gjere det. Om du vil vere med å bidra til dette viktige arbeidet må du ikkje nøle med å ta kontakt - her er det plass til fleire frivillige, kven du enn er!

# Musikk i kyrkja

Musikken i kyrkja er ein svært viktig del av både gudstenester, seremoniar, i samspel og leik og til refleksjon. I tillegg til barnekora og samlingane som allereie er skildra i andre avsnitt har vi andre tilbod og tiltak der musikken som eit felles språk hjelper oss å knyte relasjonar til kvarandre og til Gud.

**Andrew Paul Holman** gjekk av med pensjon 1. juli og takka med det for seg etter over ti år som kantor i Os sokn. Ein humørfylt og samtidig vemodig avskjed vart det i Tunet i juni, men heldigvis har han i månadane som fulgte både gjesta orgelkrakken og lunsjrommet når han ikkje er på reis til USA eller i sving med Bjørnafjorden spelemannslag eller Bergen pensjonistorkester. Til lukke med pensjonisttilværet, Andrew!

I laupet av 2023 har vi òg fått på plass to svært dyktige organistar og musikarar i organist Anna Cecilie Norlund Oksavik og kantor Irina Tarasova, som vil halde fram med å utvikle musikklivet i og rundt kyrkja i tida framover. Vi er glade for å ha kompetente og engasjerande musikkformidlarar i stab og blant våre frivillige musikantar!

## Lokale messer

4. juni framførte kor og band Aasmund Brekke sin jazz-messe som del av gudstenesta i Os kyrkje. Vi har dei siste åra sett opp dette verket i oddetalsår og Norvald Kobbeltvedt sin folkemusikk-inspirerte messe i partalsår.

## Instrument

Orgelet i Os kyrkje er 67 år gammalt og viser aldersteikn. Årleg må ein no pårekne ein del utgifter til vedlikehald av dette instrumentet. På sikt må det vere ein ambisjon å få nytt orgel i hovudkyrkja vår. Orgelet i Nore Neset kyrkje er i god stand. Pianoa i Os og Nore Neset kyrkjer og flygelet i storsalen er i god stand, men treng regulering i framtida.



Frå ungdomsgudsteneste i Os kyrkje. Foto: Martin Bakke Slåttsveen

## Nyttårsjazz

Ein annan tradisjon som vart halde i hevd var jazzkonsert i Tunet i romjula, då Helge Haukås og Gina Aspenes inviterte til ein kveld med "My favorite things", akkompagnert av Carsten Dyngeland (flygel), Sigurd Ulveseth (bass) og Stian Villanger (trommer). Drøyt 40 betalande gjeste fekk med seg denne fine kvelden i Storsalen.

## Frivillige ressursar

Det er mange som bidreg med musikk til gudstenester og andre samankomster. Ved større gudstenester og høgtider har det vore tradisjon for å bruke lokale musikalske krefter for å gje eit ekstra lyft til musikken. Dette gjaldt til dømes ved påsketid, til konfirmasjonsgudstenestene og i juledagane. Nokre er profesjonelle og mottok honorar, medan andre er dyktige amatørar og bidreg frivillig. I år har unge musikarar teke kontakt med ynskje om å vere forsangarar eller få erfaring med å spele til allsong og salmar. Kyrkjelyden er heldige som har slike ressursar tilgjengeleg.



# Nore Neset kyrkje

Gjennom året skjer det mykje i Nore Neset kyrkje. Her er eit kort samandrag:

Det er Seniorettreff annankvar tirsdag frå kl.11.30 til ca.13.15. Vi samlast til hyggeleg prat, sang og eit godt måltid. Nokre gonger har vi også besøk av nokon som spelar og opptre med det, eller nokon som fortel om opplevingar i livet sitt, som misjonærte-neste eller anna. Vi er fem som er ansvarshavande, og det er to som har hovudansvar kvar gong. Det kjem ca.10 stk. kvar gong.

Vi har hatt to kveldar i seinare tid, med Minnest du songen, ein i november 2022 med Arne Pareli som gjest og Oddvar Rotvik som akkompagnatør. Den andre var no i januar 2024 med Knut Inge Røen som gjest og Oddvar Rotvik som akkompagnatør igjen. To svært hyggelege kveldar med bra framsmøte. Kyrkjelydens julefest har vorte avvikla på Nore Neset både i 2023 og i 2024. I fjor kom det ca 120 personar og i år ca.100.



Sist vinter hadde vi to kveldar 4.des.2022 og 21.febr.23 og der folk kunne koma med handarbeid og ha eit felleskap rundt det. Ei lita gruppe møtte. Elles har det vore babysang i kyrkja kvar torsdag føremiddag gjennom året.

---

## Kommunikasjon

Os kyrkjelyd ynskjer å vere synlig og ha informasjon tilgjengelig for lokalmiljøet. Dette er eit kontinuerleg utviklingsarbeid som krev tid, ressurser og kompetanse.

Os kyrkjeblad når ut til alle heimar i gamle Os kommune (reknast som offentleg informasjon) og kom i 2023 ut med 3 utgåver, til påske, skulestart og advent. Opplaget er på drøyt 9000 eksemplar. Generelt er tilbakemeldingane at bladet vert godt teke imot og lese av mange.

Gudstenester og enkelte andre samlingar og tilstelningar annonserast i lokalavisa Os & Fusaposten.

Nettsidene til kyrkjelyden er bygd på Den Norske Kyrkje sin felles plattform, som gjev både moglegheiter og avgrensningar. Det viktigaste for oss er at det skal vere enkelt for kyrkjelyden å finne fram til kva som skjer og når det skjer, og at informasjon om

aktivitetstilbodet når ut til folk. I 2023 har det ikkje vore tilstrekkelege ressursar på plass til å halde denne oppdatert og aktuell. Her er det med andre ord rom for forbetring og revitalisering i 2024.

I tillegg til eigen nettside legg vi ut alle opne arrangementer på portalen Friskus, som kommunen legg opp til at alle organisasjonar i Bjørnafjorden skal nytta.

Os kyrkjelyd har òg ei Facebook-side, der korte meldingar om aktuelle arrangement blir kunngjort. Språkkafeen har i tillegg ei eiga Facebook-gruppe.

Ungdomstunet er noko meir digitale enn resten av kyrkjelyden, og har sida ungdomstunet.no i tillegg til eigen Facebook- og Instagram-side.

Til ein del aktivitetar, særleg for born og familiar, nytter vi dessutan appen Spond for påmelding og informasjon til gjentakande arrangement som barnekor og barnesamlingar. Denne tenesta er kjent for mange idrettsforeldre frå før og har fleire fordelar for oss som administrerer slike tiltak.

# Takk til alle frivillige!

Vi har om lag 200 ulike engasjerte frivillige i sving i ulike aktiviteter.

Vertskap til gudsteneste og kyrkjekaffi.

Innan trusopplæringstiltak året rundt tilpassa ulike aldersgrupper mellom 0 og 12 år.

På barnesamlingar, i familiekoret ShubaDubs og barne- og tweenskoret KOREdu.

I ungdomsarbeidet - på leir, på lange fredagskvelder med Happening, onsdagar med Join us og fredagar med KRIK.

I den store speidargruppa som har base i Tunets andre etasje og myldrer inn og ut på måndagar.

Gjennom konfirmant-året - som forelder, aktivtetsleiar, nattevakt, transportør, medspelar eller mat-tillagar (eller litt av alt det nemnte)

Som folkevald medlem av sokneråd - anten ein sat i rådet som avslutta sin fireårsperiode i 2023 eller vart vald inn i det nye under årets Kyrkjeval.

Kloke hovud og engasjerte planleggarar i utval og komitear for diakoni, gudstenester, Nore Neset kyrkje, julemesse og andre prosjektgrupper.

Som ein av dei mange som stiller opp og hjelper til på Språkkafé eller andre av dei diakonale tiltaka våre.

Alle som bidreg musikalsk og kunstnerisk til å berike våre samankomster.

Organisatorar, musikarar og kjøkenansvarlege på Senior-Koinonia, Eldretreff, Seniortreff i Nore Neset og andre tilstelningar for eldre.

Styre og medhjelparar i TiTT - Torsdag i Tunet - inkludert alle som syng, talar og underheld.

Den ivrige og proffe gjengen frivillige som steller til verdige rammer for minnesamvær i Tunet.

Alle som sameinar krefter for julemessa i november, der overskotet på 178.000 kroner som vanleg gjekk til barne- og ungdomsarbeidet.

Og endå er det stor sjanse for at nokon ikkje er nemnt...

Med tilbakeblikk på 2023 og innsatsen til alle frivillige medhjelparar som gjev av eigen tid og krefter til det viktige arbeidet kyrkjelyden kan vi konstatere at vi er eit stort fellesskap som lyfter i lag med eit felles mål formulert i visjonen vår for kyrkjelyden:

## Nær Kristus

## Nær kvarandre

## Nær kvardagen



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Os kyrkjelyd

# | Årsrapport 2023

### Utgjevar

Os sokn, org. nr. 976 995 155  
Postboks 209, 5202 Os

### Nettside

[www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os)

### Soknerådsleiar

Tone Steinsund Hagevik  
[tonehagevik@gmail.com](mailto:tonehagevik@gmail.com)

### Opningstid kontor

Øyro 49, 5200 Os  
Måndag-tysdag og torsdag-fredag 10-14, onsdag stengt

### Dagleg leiar

Sigurd Rotvik Tunestveit  
[st575@kyrkja.no](mailto:st575@kyrkja.no)

### Kontakt

Tlf.: 56 57 24 00 | E-post: [post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no)

# **Os sokn**

## **Årsregnskap 2023**



# Driftsregnskap

## Os sokn

		Regnskap	Opprinnelig	Regnskap
	Note	2023	budsjett	2022
		2023	2023	2022
Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter		-2 237 314	-1 224 000	-1 830 698
Refusjoner/overføringer		-336 093	-212 000	-266 437
Statlige tilskudd		-43 083	-150 000	-89 307
Rammeoverføring/tilskudd fra egen komm.	6	-35 000	-193 000	-78 303
Tilskudd fra soknets organer		-20 454	-1 029 500	-38 000
Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler		-1 480 056	-1 639 800	-1 437 786
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>-4 152 000</b>	<b>-4 448 300</b>	<b>-3 740 531</b>
Kjøp av varer og tjenester		2 273 273	2 091 450	1 636 940
Refusjoner/overføringer		656 945	863 966	596 440
Tilskudd og gaver		499 267	592 884	504 052
<b>Sum driftsutgifter</b>		<b>3 429 485</b>	<b>3 548 300</b>	<b>2 737 433</b>
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>		<b>-722 515</b>	<b>-900 000</b>	<b>-1 003 098</b>
Renteinntekter og utbytte		-87 361	-	-49 276
Renteutgifter og låneomkostninger	4	659 654	500 000	465 159
Avdrag på lån	4	664 670	580 000	584 540
<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>		<b>1 236 963</b>	<b>1 080 000</b>	<b>1 000 423</b>
Avskrivninger	4	793 913	-	793 913
Motpost avskrivninger	4	-793 913	-	-793 913
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>		<b>514 448</b>	<b>180 000</b>	<b>-2 675</b>
Bruk av disposisjonsfond	2,5	-267 646	-	-71 000
Bruk av bundne fond	2,5	-332 402	-180 000	-129 781
<b>Sum bruk av avsetninger</b>		<b>-600 048</b>	<b>-180 000</b>	<b>-200 781</b>
Avsatt til disposisjonsfond	2,5	85 600	-	203 457
<b>Sum avsetninger</b>		<b>85 600</b>	<b>-</b>	<b>203 457</b>
<b>REGNSKAPSMESSIG MER-/MINDREFORBRUK</b>	5	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

# Balanse

## Os sokn

	Note	2023	2022
<b>Anleggsmidler</b>		<b>32 751 878</b>	<b>33 545 791</b>
Faste eiendommer og anlegg	4	32 680 583	33 450 729
Utstyr, maskiner og transportmidler	4	71 295	95 062
<b>Omløpsmidler</b>		<b>2 627 012</b>	<b>2 824 827</b>
Kortsiktig fordringer		507 924	410 189
Kasse, bankinnskudd		2 119 088	2 414 638
<b>SUM EIENDELER</b>		<b>35 378 890</b>	<b>36 370 618</b>
<b>Egenkapital</b>		<b>-20 192 740</b>	<b>-20 836 431</b>
Disposisjonsfond	2,5	-566 591	-748 637
Bundne driftsfond	2,5	-943 331	-1 275 733
Kapitalkonto	3	-18 682 818	-18 812 061
<b>Langsiktig gjeld</b>		<b>-14 069 060</b>	<b>-14 733 730</b>
Andre lån	4	-14 069 060	-14 733 730
<b>Kortsiktig gjeld</b>		<b>-1 117 091</b>	<b>-800 457</b>
Annen kortsiktig gjeld		-1 117 091	-800 457
<b>SUM EK OG GJELD</b>		<b>-35 378 890</b>	<b>-36 370 618</b>

Dato: 07.03.24.

*Tone S. Hagevik*  
Tone Steinsund Hagevik  
Leiar Os sokneråd  
*Sigurd R. Tunestveit*  
Sigurd Rotvik Tunestveit  
Dagleg leiar Os sokn

## Note 1: Rekneskapsprinsipp og vurderingsregler

Rekneskapet for soknet er ført i samsvar med forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kyrkja fastsett av Barne- og familiedepartementet 8. desember 2020 og god kommunal rekneskapsskikk. Dei kommunale rekneskapsprinsippa inneber mellom anna at inntekter og utgifter er ført etter bruttoprinsippet og utgifter/inntekter er ført etter det såkalla anordningsprinsippet som betyr at alle kjente inntekter og utgifter vert tekne med i drifts- eller investeringsrekneskapet. I balanserekneskapet er omløpsmidlar vurdert etter lavaste verdi sitt prinsipp. Anleggsmidlar er vurdert til anskaffelseskost. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid er avskreve med like store årlege beløp over anleggsmiddelet si levetid. Sjå elles eigen note om anleggsmidlar.

## Note 2: Avsetningar

Spesifikasjon over fond, avsetningar til og bruk av fond 2023.

Konto	Type fond	IB	Årets avsetningar	Årets bruk av avsetningar	UB
5.56-5.58	Disposisjonsfond	748 637	85 600	267 646	566 591
5.51-5.52	Bundne driftsfond	1 275 733		332 402	943 331
	SUM:	2 024 370	85 600	600 048	1 509 921

## Note 3: Transaksjonar ført mot kapitalkonto

Dato	Beløp	Tekst
01.01.2023	18 812 061	IB
I løpet av året	664 670	Avdrag på lån
I løpet av året	-793 913	Avskrivningar
31.12.2023	18 682 818	UB

## Note 4: Anleggsmidlar og lån

### Konto 5240000 Utstyr, maskiner og transportmidlar

Akkumulert anskaffingsverdi	445 670	
Tidlegare års avskrivningar	350 608	
Årets avskrivning	10 år	23 767
Balanseført verdi 31/12-23	71 295	

### Konto 5270000 Faste eigedomar og anlegg

Akkumulert anskaffingsverdi	38 507 198	
Tidlegare års avskrivningar	5 056 469	
Årets avskrivning	50 år	770 146
Balanseført verdi 31/12-23	32 680 583	

### 5452001 Lån Kommunalbanken AS

I 2013 vart det teke opp eit lån på kr 6 450 000, for bygging av ny kontorfløy i Kyrkjelydshuset.

Terminar: 2 per år.

Løpetid: 38 år

Rente: Renta for 2023 er utgiftsført med kr 186 834. Av dette er kr 70 175 ikkje forfalle per 31.12.23.

Lån pr 31.12.22	4 922 340
Avdrag	169 740
<u>Restlån pr 31.12.23</u>	<u>4 752 600</u>

### 5452002 Lån Kommunalbanken AS, Kyrkjetunet byggetrinn III

I 2016 vart det teke opp eit lån på kr 14 000 000, for utbygging av Kyrkjetunet.

Rente: Renta for 2023 er utgiftsført med kr 472 820. Av dette er 141 649 ikkje forfalle pr 31.12.23

Lån pr 31.12.22	9 811 390
Avdrag	406 930
Ekstra nedbetaling	88 000
<u>Restlån pr 31.12.23</u>	<u>9 316 460</u>

### Note 5: Meir-/mindreforbruk

Os sokn har hverken hatt planer om å ha eller har hatt investeringer i 2023.

Av årets julemessemidlar er kr 85 600 avsett til fond "Julemessemidlar".

Fordeling av julemessemidlar kr 20 454 er dekkja ved bruk av fond "Julemessemidlar".

Meirforbruket på kr 579 595 er dekkja ved bruk av fond iht. vedtak i Os sokneråd:

Fond "Konfirmantarbeid"	66 402
Fond "Kyrkjemusikk"	20 000
Fond "Gaver kyrkjetunet"	246 000
Fond "Julemessemidlar"	82 000
Fond "Kyrkjelydsbyggjane tiltak"	165 193
<u>Total bruk av fond</u>	<u>579 595</u>

### Note 6: Kommunalt tilskot

Det er motteke kr 35 000 i tilskot fra kommunen til musikkterapiprosjekt integrering.



## Årsmelding 2023

Antall medlemmer registrert i det sentrale medlemsregisteret Hypersys i 2023:  
92

Kjernevirksomheten i arbeidet er de ukentlige møtene for de ulike enhetene. Vi følger skoleruta

**Ledersituasjonen:** Vi har ledere og hjelpere nok til å holde aktivitet i alle enhetene, men det har vært tynt i unge vandrere og oppdagere. Fra neste semester bør det skaffes ny leder til oppdagerne

Det har vært god **aktivitet i alle enhetene,**

- 7 Oppdagere: 1 og 2 klasse,
- 20 Stifinnere 3 og 4 klasse,
- 19 unge vandrere 5 og 6 klasse,
- 17 store vandrere 7-9 klasse,
- 10 Rovere 16 -25år

**Fellesarrangementer** for hele gruppa:

- Felles oppstart i kirken ved hvert semester.
- St.Georgsdagen, en søndag nær 23.april: Familiedag i Ervikane søndag for alle. Vandrarene var på haik frå dagen før. (Tur med overnatting under open himmel)
- Leir i Rolsvågen, der speidere frå Tofterøy var inviterte. Vandrerne var på haik frå Hausdal dagen før
- Førjulskveld i Tunet, med diverse aktiviteter
- Speidergudstjeneste 1.s i advent, i år med vigsling av Gro Helen til kateket. Stor stas med biskop og prost til stede

**8.mai i minneparken** – speidere deltok også i år med kransenedleggelse på frigjørings- og veterandagen 8. mai

**Deltagelse i regionale, nasjonale og internasjonale speideraktiviteter, blant annet følgende:**

- Vi har hatt en representant, Andreas Brattebø, i den nasjonale rovernemda
- Vi har hatt en representant, Emma Elisa J. Orrebakken, i kretsens roverombud
- Fleire av roverane er aktiv i Ung Aktiv Bjørgvin (UAB) som arrangerer kurs og turar for patruljeførarar og vandrar i kretsen

- Vi har hatt representanter i organisasjonens besluttsende organer som patruljeførerting og roverting, både på krets- og nasjonalt plan
- Deltagere fra 7.klasse og oppover på ulike kurs i organisasjonens ledertreningsprogram
- 3 speidere fra Os var på verdensjamboreen i Korea sommeren 23 sammen med over 40.000 speidere fra hele verden.

### **Bymanøver 2023.**

Vi hadde hovedansvar for årets bymanøver sammen med Birkeland og Nordås-Steinsvik. En patruljekonkurransen der 80-90 patruljer konkurrerte i ulike speiderferdigheter fordelt på 2 løyper. 1.Os hadde, i tillegg til mye administrasjon, ansvar for poster og postansvarlige på småspeiderløypa.

### **Båtplass i havna**

Det er kommet sauna der vi har hatt plass til to seglbåter. Etter å ha fått melding fra kommunen om at båtplassene våre skulle brukes til plassering av sauna, innhentet jeg historikken bak båtplassene fra de tidligere gruppelederne Per Solberg og Øyvind Sundfjord. Dessverre er ingenting skrevet, men speiderne har hatt båtplass ulike steder i havna siden 70-tallet. Positivt svar fra kommunen. De vil ikke være vanskelige her og har tilvist oss to nye plasser

**Arbeidsutvalget (AU)** har bestått av einingsleiarane:

- Vår: Gunnbjørg Andreassen Øen, Åshild Skaatun Hergum, Reidunn Hernes/Torbjørn Hergum, Kine Nyhammer og Margrethe Holmboe Askeland
- Høst: Margrethe Holmboe Askeland, Gunnbjørg A. Øen, Åshild S Hergum og Torbjørn Hergum.

**Styret** består av Margrethe Holmboe Askeland, Baard Brattebø og Torbjørn Hergum. Valgt for 2 år i 2023.

**Gruppeleder** valgt for 2 år i 2023: Margrethe Holmboe Askeland

*Margrethe Holmboe Askeland (sign)*  
Gruppeleder

### **Vedtak:**

*Årsmelding for 2023 godkjennes*